



Byggm Arne Brandsdal
Lonaleitet 2
5267 ESPELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/734 - 20/36614

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommun
e.no

Dato:
16.06.2020

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 336/39 Gaustad

Tiltak: Dispensasjon for oppføring av påbygg og tilbygg til fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 336/39
Tiltakshavar: Harald Atle Bratli
Ansvarleg søkjar: Byggm Arne Brandsdal

Saka vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 10.06.2020, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 091/20 Vedtak:

Dispensasjon

Tiltaket er nabovarsla jf. §21-3. Det føreligg ikkje merknader til saka.

Det er to vilkår som må vere oppfylt før kommunen kan gje dispensasjon etter plan og bygningslova § 19-2. Vilkår ein er at omsyna bak føresegna det vert dispensert frå ikkje vert vesentlig tilsidesett, vilkår to er at fordelane ved å gje dispensasjon samla sett må vere klart større enn ulempane.

Dei ulike føresegnene i planar har oftast blitt til gjennom ein omfattande prosess. Det skal difor ikkje vere ei kurant sak å fråvika desse.

Søker har søkt om 172m²

Søknad om dispensasjon:

Ansvarleg søkjer har oppgjeve følgende som grunngeving for dispensasjon :

Vedlegg følgjer saka og blir ikkje referert i vedtaket.

APM si vurdering

Ut i frå ovannemnde vurderer APM det slik at ein dispensasjon frå kommuneplanen ikkje vil setja omsyna bak vesentleg til side. Det omsøkte tiltaket vil heller ikkje vera i strid med føremålet til planen.

Plan- og bygningsmynde finn på dette grunnlag at vilkåra for dispensasjon i §19-2 er oppfylt

Søknad om dispensasjon vert innvilga.

Vedtak :

Ein viser til saksutgreinga. APM gjev med dette dispensasjon frå § 11-6 (rettsverknad av arealdelen i kommuneplanen)jf § 19-2 i plan og bygningslova. I medhald av § 21-1 i plan og bygningslova vert det gjeve rammeløyve for oppføring av tilbygg og påbygg på gnr 342/65 inntil 150km2.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag om dispensasjon og rammeløyve - gbnr 336/39 Gaustad

Kopi til:

Harald Atle Bratli	Sveiarvegen 34	5261	INDRE ARNA
--------------------	----------------	------	------------

Mottakarar:

Byggm Arne Brandsdal	Lonaleitet 2	5267	ESPELAND
----------------------	--------------	------	----------